

Kvífor ikkje ein ryddedugnad?

09.04.2010



Det ligg mykje plas langs vegane i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingane bør gjennomføra ein vårleg ryddedugnad, meiner Møyfrid Kristoffersen, som har sendt oss denne oppmadinga:

Hei alle turgåarar i Uskedalen!

Det er mange av oss. Vi går "rundt dalen", vi går til Kalkstasjonen, vi går ved Fjellandsbø og mange andre stader i bygda.

Kva om vi tok med oss ein plastpose og plukka opp boss som vi ser langs vegen vår? Det er så kjekt når det er fint og ryddig rundt oss, og no når snøen har forsvunne ser vi rotet også. Hvis vi alle tek litt, så vil det etter kort tid bli veldig bra.

Til Uskedal ungdomslag:

Ein liten ryddedugnad rundt Helgheim - sentrum i bygda vår?

Kall meg gjerne inn til dugnad.

Til mine kjære bondekollegaer:

Vi veit alle at "sistemeteren" på siloballen har det med å løsne av når ballane blir frakta.

Det ser veldig følt ut når plasten blir liggande og når den festar seg høgt i treet og på piggtrådane. Det hadde vore fint om vi alle tok ansvar for minst vår eigen plast.